



BREIE



VALDRES

Alderen på garden er ikkje nøyaktig tidfesta. Ein trur at det kan ha vore busetjing her frå om lag 500 e.K. Svartedauden førte til at det vart folketomt på Breie, og det ser ikkje ut for at garden vart rydda att før sist på 1500-talet. Fram til 1670-åra var garden krongods, då kjøpte Fredrik Werdelmann han. Garden låg lange tider sentralt til, då den bergenske kongevegen gjekk over den. Då tonsåsvegen vart laga i 1860-åra, kom Breie ut or trafikken. Kongevegen vart brukt som gardsveg heilt til 1907, då den nye gardsvegtraséen vart bygd.

Frå 1840-70-åra var det seks husmannsplassar i Breie; Svec, Småland, Samelstad, Enge, Rabben og Lie. Ei tid rundt 1900 var det skule på garden. Kommunen leigde skulerom her før skulehuset i Breienkretsen vart teke i bruk i 1913. Setra Breistølen ligg lang frå Breie i austre delen av Etnedal. Ho vart selt frå garden alt tidleg på 1800-talet. Breidal er eit bureisingsbruk skyldsett frå Breie i 1922.

Kjelde: Gard og bygd i Etnedal, Harald Hvattum

